# KULTURHISTORISK REGISTRERING

**BUSKERUD FYLKESKOMMUNE**

# Sigdal kommune

# Haglebusetra

GBNR.: 167/1

SAKSNR: 2008/608



*Utsikt mot sør, teke ca. midt i planområdet. Eit av fleire myrparti i planområdet.*

# RAPPORT FRA KULTURHISTORISK REGISTRERING

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kommune:** | Sigdal | | |
| **Gardsnavn:** | Haglebusetra | | |
| **Gards- og bruksnummer** | Del av 167/1 | | |
| **Kartreferanse** | M711 Rødberg 1615 I, ØK BU 055-5-4 (nordleg del er utan ØK-dekning). | | |
| | | | |
| **Høyde over havet** | 810-840 meter over havet | | |
| | | | |
| **Tiltakshaver:** | Sigdal commune | | |
| **Adresse:** | 3350 PRESTFOSS | | |
| | | | |
| **Navn på sak:** | Reguleringsplan for Haglebusetra AS | | |
| **Saksnummer:** | 2008/608 | | |
| **Registrering utført:** | 08.-09.07.08 | **Ved:** | Kjersti Tidemansen og Kjetil Loftsgarden |
| **Rapport utført:** | 23. – 24.07.08 | **Ved** | Kjersti Tidemansen |

| | | |
|---|---|---|
| **Autom. fredete kulturminner i området:** | Registrering 2007: To kolgroper | Registreringsnummer 111926-1, -2. |
| **Nyere tids kulturminner i området:** | | |

**Fotodokumentasjon:** Sjå eigen mappe

**Faglige konklusjoner:**

☐ **Planen er <u>ikke</u> i konflikt med kulturminner.**

| | Automatisk fredete kulturminner | | Nyere tids kulturminner |
|---|---|---|---|
| X | Planen er i konflikt | ☐ | Planen er i konflikt |
| ☐ | Ingen synlige, potensiale under bakken | ☐ | Ikke påvist til nå, nærmere arkivsjekk påkreves |
| ☐ | Ikke vurdert | ☐ | Ikke vurdert |

**Videre saksgang (for saksbehandler):**

| | Registreringer | | Merknader |
|---|---|---|---|
| ☐ | Videre reg. ikke nødvendig | ☐ | Ingen merknad |
| ☐ | Videre reg. nødvendig | ☐ | Tilrår spesialområde |
| ☐ | Reg. fullført | ☐ | Tilrår dispensasjon |
| ☐ | | ☐ | Foreløpig uavklart |

| | |
|---|---|
| **Merknader:** | |

INNHALD

BAKGRUNN FOR PLANEN: ..................... 5

OMRÅDET ..................... 5

TIDLEGARE REGISTRERINGAR. ..................... 5

GÅRDSHISTORIE ..................... 5

STRATEGI OG METODE ..................... 7

DELTAKARAR OG TIDSROM. ..................... 8

REGISTRERINGA ..................... 8

TERRENGET ..................... 8

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE REGISTRERT I 2007. ..................... 8

REGISTRERING 2008. INGEN AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE. ..................... 8

KONKLUSJON ..................... 9

TOTALT TO KULTURMINNE INNAFOR OMRÅDET. ..................... 9

KULTURMINNE REGISTRERT I 2007. ..................... 9

Kart ..................... 9

Fotoliste ..................... 12



Reguleringsplan for Hagelbu seter 2008
N
Teikforklaring
Registrerte kolgroper 2007
Plangrense Haglebu seter
Tettsteder
Stedsnavn
Høyspent/Kabel
Vegnett - Offentlig
Samferdsel
Vann/Innsjø
Elv/Bekk
Høyder
0 200 400 800 1 200 1 600
Meter

## BAKGRUNN FOR PLANEN:

Bakgrunnen for planen er reguleringsplan for HaglebusetraAS - Haglebusetra leilegheitsområde L1, forslag om utviding av reguleringsplanen. Formålet med planen er fritidsleilegheiter.
Formålet med registreringa er avklaring av forholdet til automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova av 1978 § 9.

## OMRÅDET

Planområdet ligg i Eggedal lengst nord i Sigdal kommune. Det ligg nord for Haglebu seter. Haglebu camping ligg rett sør for planområdet, og Haglebu fjellstue i søraust. Fv 211 går forbi planområdet i aust. Det er kjent kulturminne i området og nærområdet (sjå kart i vedleggsdelen).

TIDLEGARE REGISTRERINGAR.
I samband med reguleringsplan for Haglebusetra i fjor, vart det registrert to kolgroper i planområdet (id 111926).

## GÅRDSHISTORIE

Under gnr. 167 bnr. 1 på Haglebusetra er det registrert eit funn i Oldsaksamlingas (Kulturhistorisk museum i Oslo) tilvekstkatalog:

| C-nummer | Gjenstand (beskrivelse fra Oldsaksamlingens tilvekstkatalog fra 1918) | Datering |
|---|---|---|
| 22237 a-s | Gravfund fra jernalderens 7. periode fra Nordenden av Haglebuvand, Eggedal s., Sigdal pgd., Busk.<br>**a**) Enegget sverd av jern uten hjalter. Ryggen rett, tangen ombøiet i øvre ende. Vel bevaret, med glødeskal. Samlet længde 92 cm., derav klingen 75,5 cm. Dennes største bredde 5 cm.<br>**b**) Vel bevaret økseblad av jern av typen [Rygh fig.553]R. 553. Længde 18 cm. Bredde over | Merovingertida, ca. 600-800 e.Kr. |

| | | |
|---|---|---|
| | eggen 7,6 cm.<br>**c**) 6 pilespidser av jern, hvorav 3 er nogenlunde hele. Alle udmerker sig ved flatt blad, men er ellers noget forskjellige i formen. Kun paa to eksemplarer er der antydning til avsats mellem blad og tange. Den mindste av pilespidsene er bare 8,9 cm.lang. Den største, som forøvrig mangler et lite stykke ved odden, er 10,5 cm.<br>**d**) Skjoldbule av jern av eiendommelig form. Selve bulen er høi, hvælvet og oventil uttrukket i en liten spids. Gaar nedentil uten indknipning over i kraven, hvorav der forøvrig er meget lite bevaret. Desverre er bulen temmelig ramponeret. Høide 15,5 cm. (Sml. C. 2498 fra Bjørke i Hedrum og C. 2273 fra Kaupang i Tjølling. Se ogsaa C. 12451 ab. 1885, fig. 12). (Avb. fig. 8).<br>**e**) Ildstaal av jern som [Rygh fig.385]R. 385, men med tilspidset bøiet skaftende og en enkelt nagle. Længde i ret linje mellem begge ender 18,5 cm. Vel bevaret og med glødeskal.<br>**f**) Sigdblad av jern som [Rygh fig.384]R. 384, men med tilspidset bøiet skaftende og en enkelt nagle. Længde i ret linje mellem begge ender 18,5 cm. Vel bevaret og med glødeskal.<br>**g**) Knivblad av jern som [Rygh fig.406]R. 406, men med længere blad end typeeksemplaret. Længde 15,5 cm., derav bladet 6,8 cm. Dettes bredde 1,7 cm.<br>**h**) Nøkkel av jern brutt saa skjæret mangler, eiendommelig form ganske som i C. 4575 b, fra Kvien, Vang, Valdres med bugtet skaft. Stykkets nuværende længde 12,7 cm.<br>**i**) 2 gangjern til et skrin, hvert bestaaende av 2 smale, flate jernbaand, der er hektet sammen. 2 av naglene hvormed de har været fæstet til skrinet, sitter endnu i. Største længde 13,5 cm.<br>**j**) Forskjellige mindre jernstykker hørende til samme skrin, deriblandt laasbeslag og stykker | |

| | | |
|---|---|---|
| | av haspen.<br>**k**) Tang av jern som [Rygh fig.391]R. 391, Temmelig svær. Vel bevaret, dog mangler nedre ende av det ene av haandtakene. Længde 42,4 cm.<br>**l**) Mundbit av jern som [Rygh fig.567]R. 567. Dog er selve bitets to deler like lange. Er nu brutt i to stykker. Ringenes ydre tvermaal 8,6 cm.<br>**m**) 3 flate runde knapper av jern med et tvermaal av 2,3-2,6 cm.<br>**n**) Simpel firsidig jernten tilspidset i den ene ende. Længde 19,7 cm.<br>**o**) 4 smaa cylindriske, gjennemborede jernstykker, muligens rester av falen til et redskap eller vaaben.<br>**p**) 4 stykker av et skiferbryne.<br>**q**) Ganske lite flintstykke.<br>**r**) 6 smaa brændte benstumper.<br>**s**) Trækul. Disse saker er fundet paa Haglebusæteren under Søndre Medalen like ved Haglebuvandet, bare 21/2 m. fra strandkanten. Over findestedet var der ingen haug. Alt hadde ligget 2-3 tommer under jordoverflaten omtrent i en gravs længde omgit av smaa flate heller som laa horisontalt. Gravens længderetning var N-S. Meddelelse om fundomstændighetene avgit av konservator dr. Jan Petersen der har foretat en efterundersøkelse paa stedet. | |

## STRATEGI OG METODE

Den nordlege delen av planområdet er endra i forhold til reguleringsplanen i fjor. Den nye delen vart overflateregistrert. Det vart også gått over i resten av planområdet, men berre grovt. Tilstanden til dei registrerte kolgropene vart vurdert, og det vart også nytta metalldetektor i ein del av planområdet.

DELTAKARAR OG TIDSROM.

Feltarbeidet vart gjennomført 08.07.2008 av underteikna, og 09.07.2008 av Kjetil Loftsgarden og underteikna. Den 08.07.2008 var grunneigar Kristian Medalen med for å vise planområdet, og dei to registrerte kolgropene. Total tidsbruk er 22,5 timar.

## REGISTRERINGA

TERRENGET.

Planområdet grensar mot riksveg 211 i aust, og langs den vestlege grensa av planområdet blir terrenget brattare. I den nordlege delen av planområdet (utvida område) er det ei austvendt myr med ein bekk. Langs med bilvegen og inn i planområdet (austleg del) er det teke ut masse. Langs med plangrensa i vest går ein morenerygg  nord-sør. I enden av moreneryggen i sør ligg ei hytte. Det er bilveg opp til denne frå riksvegen. Det er parkeringsplass nedanfor hytta mot aust. Sør for hytta renn ein større bekk vest-aust. Plangrensa går eit lite stykke nordvest for hytta.

Sørover planområdet er terrenget dominert av større myrer, med tørre knauser/terrasser med granskog innimellom. Kolgropene registrert i fjor ligg på slike. Det er kuppert med ein del stein i grunnen. I planområdet i sør langs med riksvegen, er det gjort inngrep i eldre tid. Der er eit masseuttak/stad for vedhogst.

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE REGISTRERT I 2007.

I samband med reguleringsplanen i fjor vart det registrert to kolgroper, id 111926. Tilstanden til desse er intakt.

REGISTRERING 2008. INGEN AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE.

Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne under årets registrering. Det vart brukt metalldetektor i ein del av området (ved kolgropa id 111926-2), men det ga ikkje noko utslag.



*Kjetil Loftsgarden med metalldetektor.*

## KONKLUSJON

TOTALT TO KULTURMINNE INNAFOR OMRÅDET.

Den arkeologiske registreringa vart gjennomført for å avklare forholdet til automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminnelova av 1978 § 9. Det vart ikkje funne nokre nye automatisk freda kulturminne i årets registrering. Frå før av er det registrert to kolgroper.

KULTURMINNE REGISTRERT I 2007.

Dei to registrerte kolgropene (id 111926) er i intakt tilstand.

DRAMMEN, 24.07.08

Kjersti Tidemansen

(feltleiar)

Vedlegg:
Kart
Fotoliste
Kart


Reguleringsplan for Haglebusetra 2008.
N
0 20 40 80 120 160
Meter
Teiknforklaring
Kolgroper registrert i 2007
Plangrense Haglebu seter
Tettsteder
Stedsnavn
Høyspent/Kabel
Vegnett - Offentlig
Samferdsel
Vann/Innsjø
Elv/Bekk
Høyder


Reguleringsplan for Haglebu seter 2008.
Oversikt over kulturminne i området.
N
0 62,5 125 250 375 500
Meter
Teiknforklaring
Registrerte kulturminne
Plangrense Haglebu seter
Tettsteder
Stedsnavn
Høyspent/Kabel
Vegnett - Offentlig
Samferdsel
Vann/Innsjø
Elv/Bekk
Høyder
Haglebu seter
211

Fotoliste

| Dato | Nr. | Skildring | Sign. |
|---|---|---|---|
| 08.07.08 | 1 | Eldre inngrep i den sørlege delen av planområdet. Mot N. | K.T. |
| 09.07.08 | 2 | Utsikt mot parkeringsplass aust for hytte nord i planområdet. Mot NV. | K.T. |
| 09.07.08 | 3 | Arbeidsbilete. Bruk av detektor | K.T. |
| 09.07.08 | 4 | Kolgrop id 111926-2, mot SV | K.T. |
| 09.07.08 | 5 | Kolgrop id 111926-2, mot S | K.T. |
| 09.07.08 | 6 | Oversiktsbilete mot myrområde, ca. midt i planområdet. Mot S. | K.T. |